

# ÅRSMELDING 2016



**Sandeid Sokneråd**  
**Årsmøte 5. mars 2017**

## **Soknerådet har i meldingsåret vore samansett slik:**

Tore Tokheim	Leiar
Andreas Jansen	Sekretær
Johan Georg Vestbø	Representant til Kyrkjeleg fellestråd
Inger Sofie Meling	Økonomikontakt
Rune Vestbø	Nestleiar
Hjørdis Marie Berg	Vararepresentant til Kyrkjeleg fellestråd
Harald Eintveit	Sokneprest

Leikny Haugland Stople	1. varamedlem
Monica H. Leite	2. varamedlem
Gunnar Håland	3. varamedlem
Kjetil Larsen	4. varamedlem
Olaug Marie Øen	5. varamedlem

Første og andre varamedlem vert kalla inn til alle soknerådsmøte.

## **Årlege hendingar**

Det er blitt døypt 11 born, 13 er konfirmerte, 3 par er vigde og 12 personar er gravlagde. Det har vore 21 gudstenester.

## **Konfirmantarbeidet**

Soknepresten la også dette året til rette for konfirmantopplæringa i temagrupper. I meldingsåret har det vore grupper med tema friluft, form og farge, foto, Krik og diakoni. Soknerådet ser positivt på alternative former for konfirmantundervisning.

Konfirmantane gjorde også dette året ein flott innsats som bøsseberarar ved fasteaksjonen. Totalt fekk me inn kr 17.575,- til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Soknerådet stilte opp med vafles, saft og kaffi til foreldre og konfirmantar då dei var ferdige med ruta si.

Det var tradisjonen tru fest for konfirmantane og deira familiar rett etter samtalegudstenesta den 3. mai 2016. Det var 13 konfirmantar dette året, og festen samla om lag 100 personar. Då er det kjekt å vera på samfunnshuset, der det er god plass til alle. Som vanleg var det fjorårskonfirmantane og deira foreldre som stod for den praktiske gjennomføringa.

Konfirmantleiren 1.-3. april var svært vellukka, der mange var involverte og engasjerte.

## **Trusopplæring**

Det vart i 2016 vedteke "plan for trusopplæring" for Sandeid sokn der ein i tida framover set i gang tiltak for dei ulike aldersgruppene slik at alle born og unge får høve til å læra om den kristne trua. Mykje av dette er drive av dei tilsette trusopplærarane i samarbeid med frivillige frå kyrkjelyden. Lillian Eikeland var den av dei tilsette som hadde særleg ansvar for arbeidet i Vikedal prestegjeld, og etter at ho slutta i stillinga, er det Berit Stople som har overteke mykje av ansvaret lokalt. Nokre av tiltaka er felles for fleire av kyrkjene, medan andre er spesielt for Sandeid.

Til dåpsfamiliane vert boka «**Ved sengekanten**» med dikt, songar og bønner, delt ut.

Det har vore **babysong** for dei aller yngste (1-åringar). Her har det vore godt frammøte frå Sandeid.

Det har vore 3 samlingar, «**krøllekveld**» for 2-åringane.

Saman med Vikedal sokn har det vore arrangert **småbarnsang** for 3-åringane. Dette har Berit Stople stått for, og det har vore 5 samlingar på Sandeid i meldingsåret.

Soknerådet betaler for ein pakke med trusopplæringsmateriellet «**Tripp Trapp**» for treåringane i Sandeid. Dei og familiane blir spesielt inviterte til «**Me syng jula inn**» i desember, der pakkane blir utdelte. Dette er blitt ei fint kontaktpunkt med desse familiane. Då me song jula inn 14. desember var det Berit Stople som heldt andakten. Det var godt frammøte, og 18 born fekk «Tripp Trapp»-pakke.

25. september vart det delt ut «**Mi kyrkjebok**» til 4-åringane.

Barnehagane har også i år vore inviterte til «**påskevandring**» og «**julevandring**» i kyrkja.

«**Brubbyggjarar**» - her har det vore 3 samlingar for born i førskulealder. Dette er eit opplegg der det vert brukt Lego for å framstilla evangeliet og for å engasjera ungane.

«**Skattejakt**» for førsteklasingane i februar.

«**Lys vaken**» for 10-åringane, felles opplegg med Vikedal.

Den 17. januar vart det delt ut **konfirmantbibel** til 11-åringane. 9 var inviterte, men her var det berre 3 som møtte opp og fekk utdelt bibel.

Felles **leir på Brandøy** for 11-åringane.

**Ungdomsklubben** i Vikedal har 2 grupper, ei for 5.-7. klasse og ei for 8.-10. klasse. Dei har møte anna kvar veke og mellom 25 og 50 ungdomar er innoom i løpet av kvelden, og der har vore godt frammøte frå Sandeid. Sandeid sokneråd støtta også dette året med kr 5.000,-

Frå konfirmasjonsalder og oppover vert det arrangert **KRIK**, Kristen Idrettskontakt. Dette er også ei av gruppene som konfirmantane har høve til å velja. Elisabeth Mattingdal, Eileen og Jonas Bergem, Eirik Stople, Randi Stople og andre ungdomar og samlar mellom 10 og 20 ungdomar annankvar laurdag. Soknerådet rettar ei stor takk til dei for innsatsen!

Det har også vore to felles **ungdomsgudstenester** for alle sokna, ei om våren, og ei om hausten.

Kari Vik Stuhaug har vore soknerådet sin representant i **FUT**, fellesutvalg for trusopplæring, der ho også har vore leiar. Takk til Kari for viktig arbeid!

### **Diakoniutval og besøksteneste**

Rakel Årak og Margun Stople har vore i Sandeid sokn sitt diakoniutval og har m.a. vore med på opplegget for diakonigruppa til konfirmantane. Soknerådet rettar ei stor takk til dei!

### **Andre aktivitetar**

**Festen for gullkonfirmantar** i prestegjeldet vart i år halden av Imsland sokneråd i september.

**Kystkulturdagane** Kystkultur gudstenesta vart tradisjonen tru halden på den gamle kyrkjegarden på søndagen. Erik Grønnestad rodde presten frå Vestbø til kyrkjegarden, og Johan Georg Vestbø sytte for gamle garn og reiskapar til dekorasjonar. Harald Eintveit var prest. Etterpå var det kyrkjekaffi på kaien, og me ynskjer å retta ei takk til kystkultur dagane for godt samarbeid.

## **Takk**

Soknerådet vil også ved dette årsskiftet takka sokneprest, organist, klokkarar, kyrkjetenar, kyrkjegards-medarbeidarar og alle frivillige som har bidratt til å gjera 2016 til eit godt år for Sandeid kyrkjelyd.

Takk også til Sandeid Sanitetsforening som har gitt kr 1500,- til å kjøpa blomar til kyrkja.

<b>STATISTIKK</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Ordinære gudstenester	17	21	20	19	20	19	20
Gjennomsnitt frammøte	87	93	74	77	73	69	68
Gj.snitt frammøte nattverd	22	23	18	16	16	16	8
Andre gudstenester	4	2	2	2	2	2	1
Resultat fasteaksjonen	18 404	18 904	15 296	15 335	16 321	16 227	17 575
Offer, kollektar	63 500	68 288	52 195	56 081	38 728	48 536	51 716
Av dette til kyrkjelyden	15 435	15 699	24 654	23 700	15 483	21 419	20 343

**Me i soknerådet takkar kyrkjelyden for godt samarbeid og ynskjer Guds velsigning over 2016.**

For Sandeid sokneråd

Tore Tokheim  
Leiar

